



Tokke

DRIFTSANALYSE PÅ UTVALDE OMRÅDE



Innhald

Innleiing.....	4
Oppsummering	6
Driftsinntekter vs. driftsutgifter, KOSTRA gruppe 6.....	8
Brutto investeringsutgifter samanlikna med brutto driftsinntekter:.....	11
Kostnader på funksjonsnivå.....	13
Funksjon 100 – politisk styring:	13
Funksjon 120 – administrasjon:	14
Funksjon 121 – forvaltning av eigedomsmassa:	15
Funksjon 201 – barnehage:	16
Funksjon 202 – Skule:.....	18
Funksjon 281 – ytingar til livsopphold:	19
Funksjon 302 – byggesakshandsaming:	20
Funksjon 329 – Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling.....	23
Funksjon 332 – Kommunale vegar	25
Funksjon 339 – Beredskap mot brannar og andre ulykker	26
Helse og omsorg.....	27
Nivå i tenestetrappa:.....	30
Dekningsgrad.....	31
Tenesteprofil	31
Talet på institusjonsplassar:	33
Talet på omsorgsbustadar:.....	35
Fysioterapi:.....	37
Legeteneste:.....	38
Helsestasjon og skulehelseteneste:	40
Avdeling for funksjonshemma:	42
Psykisk helse.....	42
FGK2 – kultursektoren:.....	42
Økonomi i folkebibliotek – funksjon 370	44
Museum – økonomitall – funksjon 375	44
Kulturskular – økonomitall – funksjon 383.....	45

Økonomi til andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg – funksjon 385.....	46
Driftstilskot til frivillige lag og foreiningar	47
Barne og ungdomstiltak	47
Samla vurdering:	48
FGK6a – Eigedomshandling:	48
FGK15 - Kyrkja	49
«Kraftinntekter».....	50
Eigedomsskatt.....	52
Kommunale gebyr/eigenbetaling:	53
Kommunebarometer:	55
VEDLEGG NR. 1 – analyse på funksjonsnivå:	59

Innleiing

Kommunedirektøren har utarbeida ein oversikt over talgrunnlag som skal bidra til at kommunestyret har betre grunnlag for å gjere vedtak for ei driftstilpassing.

Analysa byggjer på SSB sitt talgrunnlag i statistikkbanken og KOSTRA.

Det er i enkelte tilfelle henta grunnlagstal frå andre nasjonale innrapporteringar, som BASIL, GSI osv.

KOSTRA står for **Kommune-Stat-Rapportering**, og er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev innsikt i korleis norske kommunar og fylkeskommunar driv verksemda si.

Kommunar som er like på:

- Folketal
- Bundne kostnader
- Frie disponible inntekter per innbyggjar

Blir utifrå dette definert i ei KOSTRA-gruppe. Tokke er i gruppe 6.

Grønt hefte gjev kommunal og Moderniseringsdepartementet ut kvart år. Det er blant anna ei analyse på utgiftsbehovet for kvar kommune, faktorar som inngår her er alder på befolkninga, geografisk reiseavstand, innbyggjarar osv.

Ved analyse av alle statiske tal, er det ein viss fare for at det ligg feilmargarinar.

Feilmarginane ligge i rapporteringane frå kommunen og bruk av rett funksjon. Likevel er det dei beste tala ein kan få i eit samanlikningsgrunnlag.

KOSTRA-funksjon:

1. Fokuserar på kva type behov tenestene skal dekke (f.eks barnevern, grunnskole, barnehagetilbod)
2. Kva for grupper desse tenestane primært rettar seg til (f.eks. grunnskuleteneste som skal gje tenestar til skuleelevar)
3. Funksjonsbegrepet er uavhengig av korleis tenestane er organisert i den einskilde kommune

Kommunens plikter kan inndelast i tre område: Velferdstenester, samfunnstenester og myndighetsutøving.

I desse områda inngår indirekte andre område ein kallar for kommuneplikter, her inngår arbeidsgjevaransvar, arkiv osv.

I velferdstenesta og oppgåver som inngår i kommunens «kjerneoppgåver»: barnehage, barnevern, grunnskule, helse og omsorgstenester, psykiske helsearbeid og rusarbeid, sosialtenester, kultur og barne-ungdomstiltak samt vatn og avløp (VAR). Det er gjort ei analyse for ressursbruk på kjerneoppgåvene i nokre kommunar i nærområde.

Enkelte og konkrete område innan (lovpålagt): plan og byggesak og miljø (PBM), kyrkje, brann og redning, beredskap, landbruk og næring.

Syner til vedlegg, som syner kva som er lovpålagt innan desse områda.

Kjelde: NOU 2023:9. Generalistkommunesystemet. Likt ansvar-ulike forutsetninger.

Ein reduksjon i driftsutgifter vil påverke tenestenivået, ein må rekne med redusert tenestenivå medfører missnøye i befolkninga. Befolkninga har blitt vant til eit tenestenivå som er høgt. Men likevel må tenesta vere innanfor det nivået som lova krev og som ligg innanfor det ein kan vente av kommunen.

Der det er klagerett på ei rekkje tenester (lovpålagte), må ein vere open for at ein får klagesaker som går vidare til handsaming hjå Statsforvaltaren. Det er slik kommunen får kalibrert tenestenivået.

Både politikarane og administrasjonen må ha forståing for at det kan bli ein situasjon med klager, bruk av media osv.

Kommunedirektøren vil likevel understreke at ei redusert økonomisk ramme ikkje automatisk redusert tenestenivå. Alle må sjå om ein kan løyse oppgåvene på «smartare måtar».

Generelt er det i tider med god økonomi slik at nye tilbod blir finansiert med auka økonomiske ressursar, no må alle fyrst vurdere om korleis ein kan oppretthalde tenestene innanfor dei rammene ein har. Så må ein fyrst ta vekk tenester som ikkje er lovpålagt.

Driftsanalyse er kvalitetssikra med Chriss Madsen i KSK, gjennom tre møter.

Oppsummering

Dei tala som er i blå skrift er berekningar frå Chriss Madsen i KSK. Dei er alle berekna ut frå Kgr 6.

Kommunedirektøren har i sin framstilling valt å ha ei litt anna tilnærming, med å sjå på regionen (nabo kommunar).

Enkelte område i rapporten peikar seg ut:

- Politisk nivå må vurdere tiltak som kan redusere utgiftene – effekten får ein fortast med reduksjon i tall på utval, møtefrekvens osv.
- Administrasjon bør kunne reduserast, sjølv med opprydding av funksjonen 120 ikkje er fullført.
- Helsestasjon har høg bemanning – tiltak må vurderast
- Fysioterapi har høg ressursbruk – tiltak må vurderast
- Kommunalsjef HO må gjere ei grundig analyse på psykisk helse, då offentlege tal i liten grad ligg føre. Grunna personvern må denne analysa rapporterast til kommunedirektøren.
- Ein reduksjon i kostnader på institusjon bør vere mogeleg. *Tokke ligg 4,6 mill over Kgr. 6, men er hele 6 - 8,8 mill. over på f. 257 Hj.tjen. i bofellesskap/samløkaliserte boliger.*
- Driftskostnader til drift av barnehagen i Byrte, dreg opp kostnadane samla for barnehagane i KOSTRA. *8,9 mill. kr over Kgr. 6*
- Vikarutgifter på ei rekkje område bør reduserast ut frå høg grunnbemanning.
- Overtid må reduserast.
- Skulesektoren bør ha innsparingspotensial, sjølv om analysa ikkje syner svært avvikande kostnadsbilde. *12,1 mill. over Kgr. 6*
- Det må gjerast grep innan utgifter til kultur. Områda peikar seg ut i rapporten. *F. 375 Museer ligger 5,8 mill. over Kgr. 6* (Det kan vere vanskeleg så lenge mykje av utgiftene er på grunn av inngåtte avtaler. MEN kommunestyret må vurdere om ein skal gjere noko med andre utgifter til museum, som ikkje er bunde opp i avtaler.)
- PNK – vurdere oppgåvedeling med mål om å redusere ei stilling, fleire fagområde har potensial for å kunne få nokre fleire oppgåver.
- Reinhold har potensial for reduksjon. Ein må vurdere trongen ut frå standard på reinholdet og areal.
- Driftsutgiftene til barnehagelokale, kulturbygg osv – ligg i KOSTRA høgt. Her må ein vurdere kva som kan redusere kostnadane.
- Ein må vurdere om alle tenester skal gjennomførast i eigen regi – det gjeld fleire område – teknisk område, BABU osv. – det må følgje budsjetthandsaminga.
- Korleis får ein utnytte effektiviseringsgevinsten i digitaliseringa?
- Det bør vere potensial i innsparing på vegplan og maskinplan
- Potensial for reduserte energikostnader

- Landbruksvikarordninga er i liten grad nytta til sjukdom, men «andre oppdrag» (ferie og fritid). Det slik vere ei subsidiering av ordinær ferie og fritid. Anten bør ordninga avviklast, då føremålet med stillinga ikkje blir nådd (trong for). I motsett fall bør «andre oppdrag» fakturerast med faktiske utgifter kommunen har. [F. 329](#)
Landbruk ligger 2,0 mill. over Kgr. 6

**) Alt i blått over er berekningar frå Madsen i KSK.*

Driftsinntekter vs. driftsutgifter, KOSTRA gruppe 6

	Kommunale driftsutgifter pr. innbyggjar	Kommunale driftsinntekter pr. innbyggjar	Skildnad driftsinntekter og driftsutgifter	Innbyggjarar	Merknad
Tokke	249 996	227 789	-22 207	2 240	
Vinje	245 618	246 090	472	3 872	
Nore og Uvdal	218 150	236 938	18 788	2 474	
Grong	190 748	192 046	1 298	2 316	
Salangen	186 434	193 681	7 247	2 119	
Kvæfjord	184 273	187 751	3 478	2 863	
Hjelmeland	181 827	199 636	17 809	2 678	
Hamarøy	180 620	192 955	12 335	2 796	
Gulen	180 270	189 443	9 173	2 263	
Smøla	178 994	186 655	7 661	2 158	
Karlsøy	174 696	191 567	16 871	2 209	
Fjord	173 966	178 721	4 755	2 506	
Høyanger	172 083	182 138	10 055	3 881	
Kåfjord	170 028	163 801	-6 227	1 956	
Tinn	168 768	174 305	5 537	5 509	
Vik	166 023	163 927	-2 096	2 545	
Tana	165 157	167 622	2 465	2 807	
Båtsfjord	164 594	165 927	1 333	2 100	
Åfjord	156 844	179 882	23 038	4 347	
Hemnes	156 781	154 625	-2 156	4 482	
Aure	156 367	150 729	-5 638	3 368	
Skjervøy	155 892	176 333	20 441	2 785	
Steigen	154 387	163 528	9 141	2 676	
Meløy	150 998	151 781	783	6 073	
Bardu	150 174	152 649	2 475	3 912	
Tjeldsund	132 225	140 392	8 167	4 188	
Kautokeino	0	0	0	2 843	

Dette er brutto driftsutgifter per innbyggjar. Størrelsen kan sjåast på som en produktivetsindikator og fortel kor mykje kommunen brukar på å produsere tenestane sine.

Dette er brutto driftsinntekter, det vil seia dei totale kommunale driftsinntektene som inkluderar alt frå skatteinntekter og rammetilskot til alle typer sals- og leigeinntekter

Tokke ligg i kostragruppe 6, oppsummert:

1. Høgast på driftsutgifter pr. innbyggjar
2. Tredje best på driftsinntekter pr. innbyggjar
3. Skildnaden på utgifter og inntekter er **dårlegast**

*) Korrigerar ein for Lån til Dalen Mekaniske, GS-veg og nedbetaling av lån i Vest-Telemark – vil likevel brutto driftskostnader vere 237 196 kr pr. person. Det vil likevel gjere:

Kostnader>inntekter med 9 407 pr. person – samla 21 mill.

Nr. 2 på kostnader

Nr. 3 på inntekter

Oversikten er tydeleg på at driftsresultatet vanskeleg kan tilpassast varig med anna enn at driftsutgiftene må ned. I offentleg sektor er lønn 70% – 80% av driftsutgiftene, så hovudtyngda her må skje med nedgang i årsverk.

På inntektsnivået ligg ein allereie høgt og ein skal vere varsam med å vurdere auken i driftsinntektene monaleg med det nivået det er på driftsutgifter.

Dei to største planområda har lett for å tilpasse endring i årsverk ved naturleg turnover. Mens dei andre planområda har større problem, tiltak for å tilpasse bemanninga så fort som mogeleg må vurderast.

Tokke har ikkje ein berekraftig økonomi. Tiltak for å sikre at kommunens fond ikkje blir brukt opp i løpande drift, må det gjerast tiltak som får effekt så fort som mogeleg.

Samanlikning for alle kommunane i Kgr 6 syner denne «plasseringa»:

Årstal	Plassering - utgifter	Plassering - inntekter
2022	3	3
2023	2	3
2024 - *)	1 (2)	3

At Tokke ligg høgt på kostnader og inntekter er det same bilde i 2022 og 2023. Kommunedirektøren ser klart at denne type analyser burde vore gjort oftare.

Brutto investeringsutgifter samanlikna med brutto driftsinntekter:

Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)							
	2020	2021	2022	2023	2024	Gjennomsnitt 2022 - 2024	Gjennomsnitt 2020 - 2024
4022 Seljord	3,1	10,4	11,1	17,1	7,0	11,7	9,7
4028 Kviteeid	10,8	5,9	6,0	8,3	10,7	8,3	8,3
4030 Nissedal	17,4	24,4	25,1	22,8	44,3	30,7	26,8
4032 Fyresdal	12,8	2,9	13,1	15,4	9,7	12,7	10,8
4034 Tokke	6,5	8,1	12,0	19,7	17,8	16,5	12,8
4036 Vinje	15,7	8,7	10,7	12,0	9,5	10,7	11,3

Tokke investerar mykje målt i forhold til inntektene. Tala får ein ikkje hente ut for netto investeringar, då Tokke har investert i fleire prosjekt med støtte frå Husbanken dei siste åra kan verdien vere noko feil.

Netto renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter			
	2022	2023	2024
3820 Seljord	36,0	45,9	40,7
3821 Kviteeid	19,7	14,8	17,4
3822 Nissedal	24,6	20,3	26,6
3823 Fyresdal	-1,4	-3,4	-6,5
3824 Tokke	11,4	9,7	18,7
3825 Vinje	24,1	29,2	31,9

«Netto renteeksponert gjeld

Netto renteeksponert gjeld tar utgangspunkt i renteeksponert gjeld, men korrigerer i tillegg for rentebærende fordringer (bankinnskudd, sertifikater og obligasjoner). Indikatoren illustrerer omfanget av kommunenes netto forpliktelser/netto fordringer som vil bli påvirket av en renteendring.»

Tokke har ikkje høg renteeksponering pt. Grunnen er at ein har gjennom åra hatt overskot på drifta som har blitt tilført investeringsbudsjettet.

Så lenge driftsutgiftene er større enn driftsinntektene, vil finansiering av investeringane skje med auka låneopptak. Det vil vere ein krevjande situasjon med høgare renteutgifter og høgare grad av renteeksponering.

Sjølv om nokon driftsutgifter og investeringar dekkast frå disposisjonsfond, vil det forverre situasjonen med reduksjon i renteinntekter.

	Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)
	2024
4022 Seljord	74,7
4028 Kviteseid	58,9
4030 Nissedal	123,9
4032 Fyresdal	29,2
4034 Tokke	66,9
4036 Vinje	75,7

Kostnader på funksjonsnivå

Kommunedirektøren vil kommentere netto/brutto driftsutgifter på funksjonsnivå, samanlikna med dei andre kommunane i Vest-Telemark.

Alle data er henta frå KOSTRA og Statistikkbanken til SSB

Kommunedirektøren gjer særskilt merksam på at oversikten syner driftsutgifter pr. innbyggjar eller målt mot målgruppa.

Deflator (det er tilnærma det same som lønns og prisvekst – konsumprisindeksen for offentlig sektor)

Deflator 2022:	3,7 %
Deflator 2023:	5,2 %
SUM	8,9 %

Det blir brukt to begrep til som kan vere greitt å gje ei forklaring:

Brutto driftsutgifter for ein kommune omfattar alle kostnader kommunen har i den daglege drifta, som lønningar, innkjøp av varer og tenestar, samt overføringar og tilskot til andre.

Netto driftsutgifter for ein kommune er det totale driftskostnadane, der ein har trekt frå eigenbetalingar frå innbyggjarane og refusjonar frå staten eller andre, som kommunen må dekke med eigne frie inntekter som skatt. Begrepet refererar altså til dei reelle utgiftene som kommunestyret må finansiere sjølv, og er eit nøkkelmål for å vurdere kommunens økonomiske effektivitet og kontroll.

Litt forenkla:

Brutto driftsutgifter

- Eigenbetaling
- Refusjonar

= Netto driftsutgifter

Funksjon 100 – politisk styring:

Auken i utgifter er nok utslagsgevendende for auken ein ser i godtgjersle. Andre faktorar som kan vere årsak om kor mange av representantane som får tapt arbeidsforteneste, det vil variere for kvar kommunestyreperiode.

Sett over perioden 2022 – 2024 er det i alle åra Tokke som ligg nest høgast på utgifter til politisk styring målt i forhold til utgifter pr. innbyggjar i Vest-Telemark.

Kommune	Kostnad – pr. år	Utgifter pr. innbyggjar			Målt i talet på kommunestyre-representant
		2022	2023	2024	
Tokke	4,1 mill	1 590	1 477	1 846	195 238
Fyresdal	2,6 mill	2 004	1 968	2 041	152 941
Vinje	5,3 mill	931	1 150	1 365	212 000
Nissedal	1,9 mill	1 312	1 673	1 308	111 764
Kviteseid	2,4 mill	995	1 075	977	141 176
Seljord	3,1 mill	916	1 138	1 034	182 352

(Tal frå 2024 kan ikkje direkte samanliknast – då ein ikkje har korrigert med deflator. Skulle ein omrekna 2024 til verdi i 2022 – ville beløpet vore om lag 1 700 kr)

For å kunne samanlikne kostnadane på funksjon 100 er det omrekna til kostnad i forhold til kommunestyrerepresentantar. Dette blir ein forenkla utrekning, men det vil gje eit bilde, ein burde teke omsyn utval og talet på møter og talet på medlemmar.

Kommunestyret må vurdere om ein ser potensiale med ein reduksjon i kostnader på politisk styring.

Kva påverkar utgiftene mest:

- ➔ Tal på kommunestyrerepresentantar
- ➔ Møte på dagtid er generelt dyrare enn kveldsmøter
- ➔ Møtefrekvens
- ➔ Talet på utval

Funksjon 120 – administrasjon:

Mange vil sikkert tenke at denne funksjonen dekker alle som arbeider på «kommunehuset». Fleire av stillingane i administrasjonen fell under enkelt fagområde og blir dermed ikkje rekna som del av funksjonen 120 (administrasjon).

Ved KOSTRA gjennomgang med bistand frå KSK blei det oppdaga feil på bruk av funksjonen i Tokke. Nedgangen frå 2023 til 2024 skuldast denne «oppdyddinga», men langt frå alt er retta enno. Av den grunn kan kostnadsnivået vere noko høgare enn om rapporteringa var rett.

Uavhengig av eventuell feil på føring, så ligg Tokke høgt på det som inngår i funksjon 120. I kommunebarometeret så har vi dårlegast karakter (1).

Det betyr at det bør ligge innsparingspotensial på administrasjon.

Funksjon 121 – forvaltning av eiendomsmassa:

«Dette omfatter aktiviteter i eiendomsforvaltningen knyttet til eiendomsledelse og administrasjon, forsikringer av bygg og pålagte skatter og avgifter knyttet til bygg, og som typisk er forbruksuavhengig av om bygg er i drift eller ikke.»

Nokre kostnader bygg er uavhengig av om det er drift eller ikke.

«Hva er et formålsbygg?

Formålsbygg er for eksempel administrasjonslokale, skoler, barnehager, kulturbygg, sykehjem, kontorbygg, idrettshaller»

	Netto driftsutgifter til eiendomsforvaltning i prosent av samlede driftsutgifter (prosent)			Netto driftsutgifter til forvaltning av eiendom per innbygger (kr)		
	2022	2023	2024	2022	2023	2024
4022 Seljord	11,3	9,9	8,1	608	816	727
4028 Kviteseid	9,1	7,7	6,5	178	156	168
4030 Nissedal	12,6	11,9	10,9	314	339	235
4032 Fyresdal	17,4	15,4	9,1	62	210	21
4034 Tokke	17,2	15,6	13,0	368	721	845
4036 Vinje	18,0	16,3	14,2	161	145	64

	Areal på formålsbygg per innbygger (m2)					Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter (kr)		
	2022	2023	2024	Areal - 2024	Endring i %	2022	2023	2024
4022 Seljord	5,28	4,58	4,83	14 263	-8,52 %	266	132	208
4028 Kviteseid	6,96	6,87	6,83	16 932	-1,87 %	63	38	66
4030 Nissedal	7,81	7,66	7,58	11 264	-2,94 %	54	60	220
4032 Fyresdal	11,77	10,29	7,75	9 726	-34,15 %	33	32	89
4034 Tokke	11,62	11,03	10,95	24 528	-5,77 %	65	101	85
4036 Vinje	10,46	10,31	10,28	39 804	-1,72 %	96	150	152

	Utgifter til driftsaktiviteter per kvadratmeter (kr)				Herav utgifter til renhold (kr)			
	2022	2023	2024	Endring i areal for perioden 2023-2024	2022	2023	2024	Endring i utgifter til reinhold i perioden 2023-2024
4022 Seljord	1 097	1 120	1 012	-9,64 %	293	294	378	28,57 %
4028 Kviteseid	781	721	687	-4,72 %	204	200	192	-4,00 %
4030 Nissedal	1 315	1 146	1 117	-2,53 %	300	284	314	10,56 %
4032 Fyresdal	1 003	970	1 178	21,44 %	228	228	119	-47,81 %
4034 Tokke	821	1 024	1 108	8,20 %	252	295	346	17,29 %
4036 Vinje	1 024	1 084	1 024	-5,54 %	307	338	368	8,88 %

	Herav energikostnader per kvadratmeter (kr)			Endring i utgifter til straum i perioden 2023 - 2024
	2022	2023	2024	
4022 Seljord	480	307	269	-12,38 %
4028 Kviteseid	286	209	164	-21,53 %
4030 Nissedal	554	332	277	-16,57 %
4032 Fyresdal	354	264	276	4,55 %
4034 Tokke	155	167	187	11,98 %
4036 Vinje	425	369	246	-33,33 %

Kva kan ein konkludere med her:

- I. Utgifter til reinhald ligg høgt – monaleg høgare enn den kommunale deflatoren (reell vekst).
- II. Dei fleste kommunane klarer å redusere energikostnadane pr. kvadratmeter – mens Tokke aukar. Likevel må ein peike på at samla verdi er låg – noko som har samband med makspris på straum som det er i Tokke.
- III. Netto driftsutgifter ligg svært høgt, det kan vanskeleg berre forklarast med stort vedlikehald.

Funksjon 201 – barnehage:

	Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehager samlet (f201, f211, f221) per barn i kommunal barnehage (kr)			Korrigerte brutto driftsutgifter til lokaler og skyss (f221) per barn i kommunal barnehage (kr)			Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehage (f201) per barn i kommunal barnehage (kr)		
	2022	2023	2024	2022	2023	2024	2022	2023	2024
4022 Seljord	305 000	310 127	280 347	37 779	33 645	26 492	242 240	251 527	227 992
4028 Kviteseid	236 394	279 054	290 385	25 840	25 554	26 571	203 383	247 217	252 209
4030 Nissedal	390 965	450 623	423 768	57 789	52 811	50 821	319 491	380 094	348 054
4032 Fyresdal	324 525	306 311	299 205	47 200	41 022	18 977	276 250	264 244	279 523
4034 Tokke	323 284	358 429	347 011	40 081	42 810	39 505	276 419	306 762	297 849
4036 Vinje	352 856	409 018	403 254	42 814	51 982	52 702	309 323	356 440	346 564

Utgiftene til barnehage har auka, grunna endring i opningstid, vekst av barn i Høydalsmo barnehage osv.

Isolert kan det sjå ut som Tokke brukar mykje til barnehagelokale (f221). Den kan vere vanskeleg å samanlikne, ved auka avskrivning (ikkje renter og avdrag påverkar «funksjonen»), det gjer berre avskrivning.

Det bør likevel vere potensial til reduksjon i drift av lokale.

Dei tre siste kolonnane er lettare å samanlikne, det er hovudfunksjonen til kostnader og inntekter i barnehagane (f201) - driftskostnader.

Både Vinje og Nissedal har dyrare drift av barnehagen, i størrelsesorden 40'-50' pr. barn.

Kommunedirektøren har teke utgangspunkt i rekneskapen for 2024 og funne prisane pr. born og plass i dei ulike barnehagane.

	Netto kostnader - rekneskap 2024	Opningstid dg.	Talet på barn pr. 31.12.24	Kostnad pr. barn	Kostnad pr. barn - korrigert for dagar (kr)	Talet på plassar pr. 31.12.24	Kostnad pr. plass (kr)	Kostnad pr. plass - korrigert for dagar (kr)
Dalen	13 756 500	5	53	259 557	259 557	73	188 445	188 445
Høydalsmo	6 404 833	5	29	220 856	220 856	46	139 236	139 236
Byrte	1 876 018	4	6	312 670	390 837	8	234 502	293 128
Amdals-Verk	2 240 856	5	9	248 984	248 984	12	186 738	186 738

*) her er det henta ytterlegare opplysningar frå BASIL, Årsmelding 2024 og rekneskap 2024

**) tabellen frå KOSTRA og utrekning etter rekneskap for 2024 kan ikkje samanliknast fult ut.

For å samanlikne barnehagane er det gjort korreksjon for talet på opningsdagar.

Kostnader pr. born er 130 000 kr høgare enn nest dyraste, pr. plass er skilnaden 100 000 kr. Den høgste prisen for pr. born og plass er i Byrte.

Funksjon 202 – Skule:

		Netto driftsutgifter per innbygger 6- 15 år (kr)			Endring 2022 - 2024	Endring 2023 - 2024	Merknad
		2022	2023	2024			
4022 Seljord	222 Skolelokaler	31 051	29 265	23 059	-25,74 %	-21,21 %	
4028 Kviteseid	222 Skolelokaler	23 899	22 116	21 516	-9,97 %	-2,71 %	
4030 Nissedal	222 Skolelokaler	40 575	37 465	38 389	-5,39 %	2,47 %	
4032 Fyresdal	222 Skolelokaler	40 033	47 638	34 230	-14,50 %	-28,15 %	
4034 Tokke	222 Skolelokaler	33 472	46 256	53 552	59,99 %	15,77 %	Mrk. utgiftene
4036 Vinje	222 Skolelokaler	35 708	42 787	40 494	13,40 %	-5,36 %	
		Netto driftsutgifter per innbygger 6- 15 år (kr)					
3820 Seljord (2020-2023)	202 Grunnskole	141 335	157 068	151 768	7,38 %	-3,37 %	
3821 Kviteseid (2020-2023)	202 Grunnskole	130 592	150 711	150 746	15,43 %	0,02 %	
3822 Nissedal (2020-2023)	202 Grunnskole	157 330	183 355	194 583	23,68 %	6,12 %	
3823 Fyresdal (2020-2023)	202 Grunnskole	177 183	194 319	219 311	23,78 %	12,86 %	
3824 Tokke (2020-2023)	202 Grunnskole	153 242	184 053	188 457	22,98 %	2,39 %	Mindre vekst enn deflator
3825 Vinje (2020-2023)	202 Grunnskole	147 946	165 140	191 664	29,55 %	16,06 %	
		Netto driftsutgifter per innbygger 6- 9 år (kr)					Dersom forholdet mellom bruker av tenesta og barnegruppa mellom 6-9 blir endra - aukar utgiftene pr. barn
3820 Seljord (2020-2023)	215 Skolefritidstilbud	14 260	26 957	27 433	92,38 %	1,77 %	
3821 Kviteseid (2020-2023)	215 Skolefritidstilbud	10 222	10 198	10 457	2,30 %	2,55 %	
3822 Nissedal (2020-2023)	215 Skolefritidstilbud	15 697	21 803	27 773	76,93 %	27,38 %	
3823 Fyresdal (2020-2023)	215 Skolefritidstilbud	19 404	23 220	46 195	138,07 %	98,95 %	
3824 Tokke (2020-2023)	215 Skolefritidstilbud	20 953	32 147	33 910	61,84 %	5,48 %	
3825 Vinje (2020-2023)	215 Skolefritidstilbud	21 324	28 698	39 622	85,81 %	38,06 %	

Like aktuelt som det var når Telemarksforskning gjennomgjekk si analyse i 2015 må ein framleis stille seg spørsmål om det er naudsynt å bruke heile bygget i Høydalsmo. Målet er å redusere driftskostnader.

Drift av skulelokale har den største veksten i Vest-Telemark og har lege høgt dei to siste åra.

Reelt er det større reduksjon i funksjon 202 enn deflator frå 2023 til 2024 på grunnskule. Vidare ser me at ein omtrent er medianen i Vest-Telemark i netto driftsutgifter pr. elev.


**) KSK har analysert kostnader pr. elev (2023-tall) på Høydalsmo skule vs. Tokke skule. Kvar elev hadde utgift på om lag 80 000 meir enn Tokke skule. Det utgjør ein sum på om lag 4,8 mill.*

Funksjon 281 – ytingar til livsopphold:

	Langtidstilfeller med sosialhjelp som hoved inntekt (6-12 måneder) (antall)				Netto driftsutgifter til ytelse til livsopphold(281) (1000 kr)				
	2022	2023	2024	Vekst 2022 - 2024	2022	2023	2024	Auke 2022-2024	Auke 2023-2024
3820 Seljord	9	23	35	288,89 %	3 953	6 469	8 753	121,43 %	35,31 %
3821 Kviteseid	5	9	10	100,00 %	1 503	2 316	2 422	61,14 %	4,58 %
3822 Nissedal	3	5	6	100,00 %	1 840	1 768	2 863	55,60 %	61,93 %
3823 Fyresdal	4	8	8	100,00 %	858	1 844	2 895	237,41 %	57,00 %
3824 Tokke	:	:	5		1 431	1 481	2 219	55,07 %	49,83 %
3825 Vinje	:	11	19		2 696	4 871	5 645	109,38 %	15,89 %

*) : betyr at tala er for små til å publiserast (fire eller færre)

Vel me å bryte det ytterlegare ned til aldersgruppa 20-66 år – netto driftsutgifter til ytelsar til livsopphald (f. 281). Tala i tabellen under er korrigert for deflator.



	2021	2022	2023	2024
Tokke	418	1 124	1 162	1 721
Fyresdal	608	1 233	2 568	4 010
Vinje	751	1 217	2 189	2 533
Nissedal	1 219	2 314	2 191	3 543
Kviteseid	577	1 047	1 598	1 665
Seljord	1 978	2 437	3 909	5 263
Kostragruppe 06	1 264	1 568	2 221	3 148
Landet uten Oslo	1 784	2 108	2 789	3 327

Veksten i ytingar til sosialutgifter – funksjon 281 er betydeleg, men likevel lågast auke i regionen for perioden 2022 til 2024. Men veksten frå 2023 til 2024 er større og omtrent på medianen, det betyr at alle instansar må ha stort fokus på tiltak som kan verke positivt for dei som treng hjelp seinare i livet – tideleg innsats. Det er viktig å understreke at Tokke ligg lågt på netto driftsutgifter til ytingar til livsopphald. Jf. dei andre kommunane i regionen og Kgr 6

To fokusområde ein må følgje er lengda på utbetaling av sosialutgifter og alder på dei som mottok stønader.

Funksjon 302 – byggesakshandsaming:

	Brutto utgifter pr. behandla sak - tal i 1000	2022	2023	2024	Endring frå 2022 - 2024 - brutto driftsutgifter	Endring i behandla saker frå 2022 til 2024
4022 Seljord		17,99	13,11	10,85	-39,66 %	5,95 %
4028 Kviteseid		10,29	9,77	7,81	-24,15 %	26,88 %
4030 Nissedal		10,78	17,53	31,83	195,27 %	-66,67 %
4032 Fyresdal		5,12	18,12	17,36	239,29 %	-9,30 %
4034 Tokke		10,70		20,56	92,03 %	-26,53 %
4036 Vinje		25,03	23,18	51,58	106,10 %	-34,34 %

	Behandla saker		
	2022	2023	2024
4022 Seljord	84	71	89
4028 Kviteseid	93	90	118
4030 Nissedal	159	95	53
4032 Fyresdal	43	43	39
4034 Tokke	98	..	72
4036 Vinje	198	246	130

Reelt er veksten i driftsutgifter ca 10% lågare på grunn av deflator. Talet på saker blir redusert, mens utgiftene stig monaleg meir enn auken saker.

Det same bilde er i regionens kommunar bortsett frå Seljord og Kviteseid. Grunnen er nok at bemanninga ikkje blir justert med talet på saker.

Det kan ein gjere med at tilsette får andre oppgåver som avdelinga/kommunen må ha løyst.

Funksjon 303 – Kart og oppmåling:

KOSTRA opplyser om rekvirerte kart og oppmålinger og brutto driftsutgifter. For å få eit samanlikningsgrunnlag er det rekna ut brutto driftsutgifter pr. sak.

Til samanlikning er det brutto driftsutgifter pr. rekvirert sak – gebyrsatsen har dermed ingen betydning.

	Rekvisisjonar - antal		
	2022	2023	2024
3820 Seljord	36	19	22
3821 Kviteseid	29	21	70
3822 Nissedal	101	48	35
3823 Fyresdal	30	17	51
3824 Tokke	21	..	46
3825 Vinje	250	167	120

	Endring i rekvisisjonar - 2022 - 2024	Endring i kostnad pr. rekvisjon
3820 Seljord	-38,9 %	72,7 %
3821 Kviteseid	141,4 %	-71,3 %
3822 Nissedal	-65,3 %	94,0 %
3823 Fyresdal	70,0 %	-31,1 %
3824 Tokke	119,0 %	-49,6 %
3825 Vinje	-52,0 %	116,1 %

	2022			2023			2024		
	Brutto pr rekvisisjon	Netto pr. rekvisisjon	Diff	Brutto pr rekvisisjon	Netto pr. rekvisisjon	Diff	Brutto pr rekvisisjon	Netto pr. rekvisisjon	Diff
3820 Seljord	40 500	3 667	36 833	76 895	41 579	35 316	69 955	46 318	23 637
3821 Kviteseid	67 966	-28 655	96 621	90 619	43 381	47 238	19 500	-6 400	25 900
3822 Nissedal	36 059	327	35 733	72 750	18 000	54 750	69 943	11 714	58 229
3823 Fyresdal	34 400	21 800	12 600	91 588	71 000	20 588	23 686	17 314	6 372
3824 Tokke	69 857	49 667	20 190				35 217	24 130	11 087
3825 Vinje	13 876	-3 808	17 684	20 641	1 228	19 413	29 992	9 675	20 317

2024 - korrigert til nivået i 2022						
	Brutto pr rekvisisjon	Netto pr. rekvisisjon	Diff		Prosentvis vekst i rekvisisjonar	Prosentvis endring i netto kostnad pr. sak
3820 Seljord	63 595	42 107	21 488		-38,9 %	1048 %
3821 Kviteseid	17 727	-5 818	23 545		141,4 %	-80 %
3822 Nissedal	63 585	10 649	52 935		-65,3 %	3159 %
3823 Fyresdal	21 533	15 740	5 793		70,0 %	-28 %
3824 Tokke	32 015	21 936	10 079		119,0 %	-56 %
3825 Vinje	27 265	8 795	18 470		-52,0 %	-331 %

No aukar talet på rekvisisjonar med 119%, mens nettokostnaden (korrigert for deflator) fell betydeleg mindre enn (56%) enn veksten i sakene.

Det er ein «reell» kostnadsvekst på f. 303. Det er en reell kostnadsvekst i «utgift pr rekvisisjon/sak», men som vist i figuren under så er prioriteringa (samla ressursbruk på f.. 303) pr innbyggjar rimeleg stabil de siste 3 åra:

	2021	2022	2023	2024
Tokke	387	575	554	543
Fyresdal	755	588	1 083	752
Vinje	-383	-228	102	344
Seljord	257	89	311	377
Nissedal	-31	100	681	321
Kviteseid	-259	-151	385	149
Kostragruppe 06	160	249	309	297
Landet uten Oslo	114	126	153	141

*) Men ligg høgt samla i forhold til dei andre kommunane – (justert for deflator)

Funksjon 329 – Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling

Her inngår:

- Saksbehandling – jordlov, konsesjonslov, skogbrukslov, odelslov osv.
- Økonomiske verkemiddel i landbruket og skog (t.d. skogfond)
- Jordvern- og landbruksinteresser i plan og bygningslova
- Veterinærvakt (pt. er det Vinje som har det ansvaret)
- Fyrstelineteneste til næringsutvikling i landbruk og skogbruket

	Netto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling i prosent av totale netto driftsutgifter (prosent)	Brutto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling per landbrukseiendom (1000 kr)	Netto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling i prosent av totale netto driftsutgifter (prosent)	Brutto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling per landbrukseiendom (1000 kr)	Netto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling i prosent av totale netto driftsutgifter (prosent)	Brutto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling per landbrukseiendom (1000 kr)	Netto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling i prosent av totale netto driftsutgifter (prosent)	Brutto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling per landbrukseiendom (1000 kr)	Netto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling i prosent av totale netto driftsutgifter (prosent)	Brutto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling per landbrukseiendom (1000 kr)
	2022	2022	2023	2023	2023	2023	2024	2024	2024	2024
4022 Seljord	0,4	1 032,0	2,1	0,4	1 086,0	2,2	0,6	1 734,0		3,5
4028 Kviteseid	0,6	1 960,0	4,2	0,6	2 201,0	4,7	0,6	2 173,0		4,7
4030 Nissedal	0,5	689,0	2,5	0,6	800,0	2,9	0,2	318,0		1,1
4032 Fyresdal	1,4	1 795,0	5,8	1,3	1 678,0	5,4	1,4	1 946,0		6,2
4034 Tokke	1,3	2 506,0	5,7	1,3	3 236,0	7,4	1,3	4 608,0		10,5
4036 Vinje	1,3	5 123,0	9,1	1,1	5 181,0	9,2	0,8	3 903,0		6,9

For å gjøre det meir oversiktleg er det brutto driftsutgifter pr. landbrukseiendom i kommunen (det avspeglar i stor grad arbeidsmengda)

	Brutto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling per landbrukseiendom (1000 kr)	Brutto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling per landbrukseiendom (1000 kr)	Brutto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling per landbrukseiendom (1000 kr)
	2022	2023	2024
4022 Seljord	2,1	2,2	3,5
4028 Kviteseid	4,2	4,7	4,7
4030 Nissedal	2,5	2,9	1,1
4032 Fyresdal	5,8	5,4	6,2
4034 Tokke	5,7	7,4	10,5
4036 Vinje	9,1	9,2	6,9

	Landbrukseiendommer (antall)
	2024
4022 Seljord	493
4028 Kviteseid	465
4030 Nissedal	282
4032 Fyresdal	313
4034 Tokke	439
4036 Vinje	562

Tokke ligg høgt i brutto driftsutgifter til landbruksforvaltning. Utgifter til landbruksvikar er ført med brutto 318 802 kr. Fordelt på landbrukseigedommar utgjer det 0,73 ' pr. eigedom. Veksten skuldast andre forhold enn landbruksvikarordninga.

Landbruksvikarordninga utgjer om lag - 2024:

Brutto driftsutgifter: 320 000 kr
Pr. landbrukseigedom: 730 kr (0,73 ')

Landbruksvikarordninga kan vanskeleg forklare veksten.

I den grad framlagte opplysningar er rett er landbruksvikaren ikkje brukt til sjukdom i 2025 (første halvår) og 30% til det føremålet i 2024.

Landbruksvikarordninga utgjer noko av veksten i 2024 (byrja frå 01.05.24), så ein må vente ytterlegare vekst i 2025.

Ordninga blir i liten grad nytta til sjukdomsavløyising. Den resterande delen er avløyising blant anna på grunn av ferie – det blir så ei subsidiert ferieavløyising.

Det vil vere rimeleg å ta ei vurdering om storleiken på eigenbetalinga.

Tokke kommune har høg ressursinnsats til landbruksføremål.

Ved denne gjennomgangen er det truleg brukt feil funksjon på ei stilling. Trekker me ut denne stillinga vil brutto driftsutgifter pr eigedom vere 8,5 tusen. Det gjer likevel at me ligg høgast i Vest-Telemark.

Funksjon 332 – Kommunale vegar

Kostnad fordelt på innbyggartal er 6 844 kr. (Netto driftsutgifter)

Ekstraordinær kostnad i 2024 er GS veg på Vistadmoen (7,4 mill) – utgjør 3 303 pr. innbyggjar. Kgr 6 er gjennomsnittet 2,139 km veg.

	Tokke	Vinje	Kviteseid	Nissedal	Seljord	Fyresdal
Lengde kommunal veg - km	66	86	52	26	57	25
Kommunal veg pr. innbyggjar – km	0,029	0,022	0,021	0,017	0,019	0,02

Netto driftsutgifter i kr pr km kommunal veg:

	2021	2022	2023	2024
Tokke	116 137	137 106	149 376	232 061
Fyresdal	84 882	84 645	133 407	92 160
Vinje	176 271	174 402	198 195	208 314
Nissedal	97 538	125 989	92 351	121 808
Kviteseid	116 582	141 544	158 088	170 000
Seljord	131 602	115 337	170 797	138 947
Kostragruppe 06	134 289	138 232	147 865	151 471
Landet uten Oslo	193 309	198 476	211 854	204 735

Veksten i 2024 skuldast utgiftsføringa på GS veg – 7,4 mill.

7,4 mill. kr / 66 km veg = kr 112.121,- og dvs. at nivået ekskl. GS = 232.061,- - 112.121,- = kr 119.940,- i netto dr.utg. pr km kommunal veg.

Konklusjon:

1. Tokke kommune har lengst kommunalveg pr. innbyggjar i regionen.
2. Pr. km veg er det ikkje noko som tyder at kommunen har eit stort forbruk til vedlikehald.

Eg har ikkje vist/omtalt eksplisitt «vedlikehald», men netto driftsutg. Pr komm.veg og etter korrigering av GS så er min vurdering at Tokke ikkje har eit spesielt høgt nivå.

3. Reduksjon i kostnadane kan skje med avvikling av lengde kommunal veg.
4. Reduksjon kan skje med at ein ser på standarar for vedlikehald av kommunal veg – særleg grad på vintervedlikehald i fyrste omgang.
5. Vegplanen må evaluerast.

*) Veg standard er ikkje målt her.

Funksjon 339 – Beredskap mot brannar og andre ulykker

«1. Brannvesen, oljevernberedskap, samt annen beredskap mot brann- og eksplosjonsrelaterte ulykker mv.

2. Utgifter og inntekter knyttet til forebygging og beredskap skal fordeles på henholdsvis funksjon 338 og 339. Funksjonen skal ikke omfatte utgifter knyttet til forebygging.»

	Netto driftsutgifter til funksjon 339 pr. innbygger, konsern (kr)			
	2022	2023	2024	Netto - 2024
3820 Seljord (2020-2023)	1 247	1 309	1 422	4 199 166
3821 Kviteseid (2020-2023)	1 363	1 756	1 796	4 452 284
3822 Nissedal (2020-2023)	3 951	2 051	2 119	3 148 834
3823 Fyresdal (2020-2023)	2 444	1 953	1 412	1 772 060
3824 Tokke (2020-2023)	2 561	2 549	2 827	6 332 480
3825 Vinje (2020-2023)	1 931	2 156	2 132	8 255 104


Det blir gjort eit godt arbeid blant det frivillige brannmannskapet. Likevel er det viktig å vite at det er forholdsvis høge driftsutgifter til tenesta.

Helse og omsorg

Har valt å samle fagområda i planområde 3, då det er tenester som går på tvers av funksjonane.

Figuren under viser totale nettodriftsutgifter på pleie og omsorg justert for deflator og utgiftsbehov. Den viser at:


- Tokke bruker 7,2 mill meir enn Fyresdal
- Tokke bruker 25,6 mill mindre enn Vinje
- Tokke bruker 5,3 mill mindre enn Nissedal
- Tokke bruker 9,8 mill meir enn Kviteseid
- Tokke bruker 15,7 mill meir enn Seljord
- Tokke bruker 8,0 mill meir enn Kgr. 6



FRÅ 2024 har det kome ein ny indikator – der ein splittar heimetenestane mellom:

1. heimeteneste – ambulerande (gult i tabell under)
2. heimeteneste der personalet er samla om bufellesskap/samløkalisert omsorgsbustadar.

Prioritering mellom de ulike deltjenestene:




(Utarbeida av KSK)

Tokke samanlikna med Kgr. 6:

- ➔ Institusjon er i Tokke 4,66 mill **dyrare** i Tokke (– dette kan **ikkje** forklarast med lønn aleine) – det vil då vere to faktorar som kan vere årsak:
 - pleiefaktor
 - talet på institusjonsplassar
- ➔ Bufellesskap (omsorgssenter og Åheim) – 6,2 mill dyrare.
8,8 mill. er tallet korrigerert for utgiftsbehov (som bl.a. er andel PU 16 år+) I figuren over så har man kun sett på netto dr.utg. f. 257 og delt på antall innbygger 67 år+
- ➔ Heimesjukepleia – brukar totalt 4,8 mill **mindre**
- ➔ Aktivitet og støttetjenester – ca 900 000 kr **mindre**

Same ser ein her målt i prosent – prioritering av tenesta:

Prioritering mellom de ulike deltjenestene i %:



(Utarbeida av KSK)

Sidan innsatstrappa kanskje ikkje er fult ut kjent begrep for alle, vel kommunedirektøren å ta inn ei forklaring kva innsatstrappa er:

«Innsatstrappa er en tolvtrinnsmodell som beskriver hvordan innbyggere og kommunen samarbeider for å fremme forebyggende arbeid og støtte de som trenger bistand, med mål om å utsette behovet for kommunale tjenester. Modellen viser hva innbyggeren kan bidra med selv, og hva kommunen kan tilby av hjelp, for å sikre at alle får den støtten de trenger.

Formål

Fremme forebyggende arbeid:

Målet er å styrke innbyggers evne til å klare seg selv og ta vare på seg selv, noe som reduserer behovet for kommunale tjenester.

Styrke samarbeidet:

Innsatstrappa legger vekt på samspillet mellom innbyggeren og kommunen, hvor begge parter har et ansvar for å bidra.

Sikre riktig hjelp:

Modellen skal bidra til at de som trenger hjelp, får den på riktig tidspunkt og på riktig nivå, uten unødvendig byråkrati eller forsinkelser.

Innhold i Innsatstrappa

Modellen består av tolv trinn, men detaljene om disse trinnene er ikke fullstendig forklart i de tilgjengelige kildene. Generelt kan vi forstå dem som en progressiv tilnærming som veksler mellom:

Innsats fra innbyggeren selv:

Hva innbyggeren kan gjøre for å opprettholde egen helse og mestring.

Støtte fra kommunen:

Hvilken bistand og veiledning kommunen kan tilby, fra enkle tips til mer omfattende tjenester.»

Nivå i tenestetrappa:

**) Modell til Skien kommune.*

- Trinn 1: Aktiv og inkluderende kommune
- Trinn 2: Helsefremmande og førebyggjande aktivitet
- Trinn 3: Meistring i kvardagen
- Trinn 4: Meiningsfull og inkluderande kvardag
- Trinn 5: Kommunalt disponerte bustdar
- Trinn 6: Leve godt i eigen heim
- Trinn 7: Helsehjelp til dei heimebuande
- Trinn 8: Bustadar med fellesfunksjonar
- Trinn 9: Tidsbegrensa opphald og behandling
- Trinn 10: Bustadar med døgntenestar
- Trinn 11: Landtidstilbod i institusjon
- Trinn 12: Døgnbemanna spesialiserte plassar

Det er fleire fagområde som er inkludert i arbeidet med innsatstrappa og ein må vurdere om prioriteringa til Tokke avspeglar prinsippet for å kunne sikre tilbodet til ei veksande eldre befolkning og begrensa ressursar (personell og økonomi).

Det som kommunedirektøren skildrar under f.eks legetenesta og tilrådingar frå FHI om fokus på førebyggjande arbeid frå legane, er òg avspegla i innsatstrappa.

Dekningsgrad

Alle kommuner	Datakilde	Tokke 2023	Tokke 2024	Fyresdal	Vinje	Nissedal	Kviteseid	Seljord	Kostragruppe 06	Landet uten Oslo	
Andel innbyggere 80 år og over i bolig med heldøgns bemanning	KOSTRA	9,7 %	5,8 %	0,0 %	6,9 %			6,8 %	5,1 %	3,3 %	☐
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	KOSTRA	38,1 %	37,0 %	31,6 %	50,2 %	34,1 %	40,1 %	32,1 %	34,8 %	26,2 %	☐
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	KOSTRA	11,2 %	10,9 %	21,1 %	8,6 %	12,2 %	11,9 %	8,9 %	10,6 %	9,3 %	☐
Institusjon - andel innbyggere 80 år og eldre med langtidsopphold i sykehjem (prosent)	KOSTRA	8,2	8,7	18,4	6,5	8,5	9,6	8,4	8,5	7,5	☐
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innbyggere 0-66 år (B)	Framsikt	36	32	39	61	30	35	36	34	24	☐
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innbyggere 67-79 år (B)	Framsikt	100	109	146	189	77	101	81	96	65	☐
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innbyggere 80 år og over (B)	Framsikt	381	370	316	502	341	401	321	348	262	☐
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år og over (B)	Framsikt	20,9 %	22,5 %	27,6 %	13,1 %	25,6 %	22,0 %	15,8 %	17,5 %	15,3 %	☐

Institusjon: bruksrate (10,9%) som Kgr. 6, men høgare tilgjengelegheit (22,5%)

Heimetenestane: Oms.bustadar til eldre 80 år +, litt høg bruksrate

Mottakar: på snittet for aldersgruppa 0-66 år, litt over snittet for aldersgruppa 67 år+

Heilt marginalt kan det vere indikasjon for at ein har fleire med heimetenestar for dei over 67 år.

Tenesteprofil

Grunnlagstallene for tjenesteprofilen:

Indikatorer i tjenesteprofilen:	Tokke-23	Kgr. 6
Prioritering/behov		
Nto driftsutg. Plo totalt pr innb. 67 år+	195 979	186 966
Nto driftsutg. F. 234 pr innb. 67 år+	3 560	5 060
Nto driftsutg. F. 254 pr innb. 67 år+	98 181	98 277
Nto driftsutg. F. 253/261 pr innb. 67 år+	94 238	83 629
Dekningsgrader		
Andel innb. under 67 år som mottar hjemmetj.	3,6	3,7
Andel innb. 67-79 år som mottar hjemmetj.	10,0	9,7
Andel innb. 80 år + som mottar hjemmetj.	38,1	35,0
Andel innb. 80 år+ i bolig med heldøgns bem.	9,7	4,8
Institusjonspl. kommunale i % av innb. 80 år+	20,9	19,0
Produktivitet/enhetskostnad		
Korr. bto driftsutg pr. mottaker av hj.tjenester i kr	387 270	354 035
Nettoutgift pr. planlagt vedtakstime	683	679
Korr. bto driftsutg., institusjon, pr. kommunal plass	1 756 714	1 636 616
Bruttoutgift pr oppholdsdøgn (f. 253+ f. 261)	5 367	5 763
Kvalitet/annet		
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,63	0,51
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,90	0,51
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/fagutd.	79,1	75,6
Andel langtidsbeb. vurdert av lege	33,3	55,4
Andel langtidsbeb. vurdert av tannh.personell	33,3	38,1



Grunnlagstall for Tjenesteprofil pleie og omsorg for Tokke kommune – 2024-tall:

Indikatorer i tjenesteprofilen:	Tokke	Kgr. 6
Prioritering/behov		
Nto driftsutg. Plo totalt pr innb. 67 år+	191 488	181 736
Nto driftsutg. F. 234 pr innb. 67 år+	3 407	5 848
Nto driftsutg. F. 257 pr innb. 67 år+	60 962	48 416
Nto driftsutg. F. 258 pr innb. 67 år+	35 034	47 452
Nto driftsutg. F. 253/261 pr innb. 67 år+	92 086	80 020
Dekningsgrader		
Andel innb. under 67 år som mottar hjemmetj.	3,2	3,4
Andel innb. 67-79 år som mottar hjemmetj.	10,9	9,6
Andel innb. 80 år + som mottar hjemmetj.	37,0	34,8
Andel innb. 80 år+ i bolig med heldøgns bem.	5,8	5,1
Institusjonspl. kommunale i % av innb. 80 år+	22,5	17,5
Produktivitet/enhetskostnad		
Korr. bto driftsutg pr. mottaker av hj.tjenester i kr	385 972	320 168
Nettoutgift pr. planlagt vedtakstime	694	708
Korr. bto driftsutg., institusjon, pr. kommunal plass	1 591 677	1 671 461
Bruttoutgift pr oppholdsdøgn (f. 253+ f. 261)	5 869	5 706
Kvalitet/annet		
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,58	0,46
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,02	0,02
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/fagutd.	77,7	73,4
Andel langtidsbeb. vurdert av lege	91,3	55,9
Andel langtidsbeb. vurdert av tannh.personell	26,1	34,2



- Funksjon 234 – aktivitetstenestar for eldre og personar med funksjonsnedsetjing
- Funksjon 257 – bofellesskap/samløst omsorgsbustadar (Åheim og omsorgssenter)
- Funksjon 258 – heimetenestar – ambulerande tenestar
- Funksjon 253 – sjukeheimen
- Funksjon 261 – institusjonsbygg

Talet på innbyggjarar over 67 år: 492 personar

Netto driftsutgifter PLO – over Kgr. 6: $(191\,488 - 181\,736) \cdot 492 = 4\,797\,984$ kr

*) Slik kan du gjere for kvart område for å finne tallstorleiken

Anna frå tenesteprofilen:

- ➔ God ressurs til legetilsyn
- ➔ Tid til fysioetrapeut har gått ned – har det vore vakante stillingar? Eller er tida brukt til andre enn sjukeheimen?
- ➔ Indikasjon på tenestetildeling:
 - Større andel som mottok heimetenestar i alderen 67-79 år
 - Større andel som mottok heimetenestar i alderen 80 år
 - Fleire over 80 år som bur på bustad med heildøgne bemanning
 - Fleire får sjukeheimplass enn Kgr 8 – over 80 år
 - Refleksjon kan knyttast til tildeling...

- Bruk av tenestetrappa?

Talet på institusjonsplassar:

oOo

	Institusjon - alle disponible plasser (antall)	Institusjon - tidsbegrensede plasser (antall)	Personar med langtidsopphald	Institusjon - plassar i bruk ved teljedato
	2024	2024	2024	2024
4022 Seljord	30	6	25	31
4028 Kviteseid	39	3	23	26
4030 Nissedal	21	3	12	15
4032 Fyresdal	21	0	16	16
4034 Tokke	31	6	23	29
4036 Vinje	32	4	23	27

	Personar > 80 år	Forholdet mellom sjukeheimsplassar og aldersgruppa over 80 år	Forholdet mellom plassar på omsorgsbustadar og aldersgruppa over 80 år
4022 Seljord	190	16,316 %	0,000 %
4028 Kviteseid	177	14,689 %	0,000 %
4030 Nissedal	147	10,204 %	0,000 %
4032 Fyresdal	76	21,053 %	0,000 %
4034 Tokke	138	21,014 %	34,058 %
4036 Vinje	245	11,020 %	0,000 %

Eit **uvekta** gjennomsnitt vil vere 6,9% vil gje dette talet av sjukeheimsplassar:

		Personar over 80 år
4022 Seljord		30
4028 Kviteseid		28
4030 Nissedal		23
4032 Fyresdal		12
4034 Tokke		22
4036 Vinje		39

	Institusjon - alle disponible plasser (antall)	Avlastningsboliger disponible plasser (antall)	Institusjon - tidsbegrensede plasser (antall)	Korttid
	2024	2024	2024	
4001 Porsgrunn	292	14,0	36	17,1 %
4003 Skien	467	18,0	51	14,8 %
4005 Notodden	95	4,0	22	27,4 %
4010 Siljan	26	0,0	7	26,9 %
4012 Bamble	64	0,0	20	31,3 %
4014 Kragerø	57	6,0	12	31,6 %
4016 Drangedal	35	2,0	7	25,7 %
4018 Nome	74	0,0	19	25,7 %
4020 Midt-Telemark	86	0,0	3	3,5 %
4022 Seljord	30	0,0	6	20,0 %
4024 Hjartdal	18	0,0	6	33,3 %
4026 Tinn	70	0,0	12	17,1 %
4028 Kviteseid	39	0,0	3	7,7 %
4030 Nissedal	21	1,0	3	19,0 %
4032 Fyresdal	21	0,0	0	0,0 %
4034 Tokke	31	0,0	6	19,4 %
4036 Vinje	32	0,0	4	12,5 %

I Telemark er det mange som har %-vis adskillig fleire korttids plassar enn i Tokke. Det er i aller høgste grad eit relevant spørsmålsstilling om forholdet mellom kort-/langtids plassar er på rett nivå.

Talet på omsorgsbustadar:

Tokke har 45 omsorgsboligar:

15 på omsorgssenteret, 10 nye og 9 gamle ute ved omsorgssenteret, 10 i Høydalsmo og 3 på avdeling J på helsesenteret.

Oversikt over resten av Vest-Telemark har ein ikkje fått.

I vurdering av talet på sjukeheimsplassar – er det klart ein samanheng med at kommunar som har eit høgt tal omsorgsbustadar kan ha færre sjukheimsplassar.

oOo

SAMMENDRAG OG OPPSUMMERING

Heldøgns omsorg – kommunenenes dekningsgrad

Færre institusjonsplasser, mer omfattende hjemmetjenester

